

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 05.02.2024

## Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk IKS

Tid:	Måndag 05.02.2024
Møtestad:	Digitalt Teams
Til stades:	Sven Flo, Espen Sortevik, Jan Henrik Nygård, Gunnvor Sunde og Siri Sandvik
Administrasjon:	Inge Bent Arnestad Frode Denk

### 01/24 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si  
**TILRÅDING**  
Innkalling og sakliste vert godkjent

Jan Henrik Nygård:  
- Ynskjer ei orientering om feil i utsending av gebyrforskrift

Styret sitt  
**VEDTAK**  
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt med merknad.

### SAK 02/24 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si  
**TILRÅDING**  
Møtebok frå førre styremøte 06.11.23 vert godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt  
**VEDTAK**  
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 05.02.2024

## SAK 03/24 MØTEPLAN 2024 - revidert

Tidlegare handsama i styresak 42/23.

### Møteplan for Styret og Representantskapet

- Måndag 5. februar Styremøte - heildagsmøte
- Måndag 18. mars Styremøte - digitalt
- Fredag 26. april Representantskapsmøte
- Måndag 17. juni Styremøte - heildagsmøte
- Måndag 16. september Styremøte
- Fredag 25. oktober Representantskapsmøte
- Måndag 25. november Styremøte

Administrerande direktør si

#### TILRÅDING

Framlegg til revidert møteplan for 2024 vert vedteken.

Styret sitt

#### VEDTAK

Styret vedtek justert møteplanen for 2024 slik den ligg føre ovanfor.

## SAK 04/24 PERIODEREKNESKAP PR. 31. DESEMBER 2023

### Perioderesultat / førebels rekneskap:

- Rapporten viser eit driftsresultat på kr. 1.928.082,- mot budsjett kr. 610.603,-
- Bokført resultat etter finans er kr. 1.874.555,- mot eit budsjett i balanse.

### Kommentarar:

- bokført driftsresultat er kr. 1.317.479,- betre enn budsjett
- bokført resultat etter finans er kr. 1.874.555,- betre enn budsjett
- inntekter på abonnementsgebyr hushold/fritid/næring er 2,0 mill. over budsjett.
- inntekter slam er bokført i samsvar med utgåande faktura, og kostnadsført med 85% av samla inntekt (15% administrasjonspåslag)
- mottekne inngåande faktura pr. 31/12 er bokført eller avsett i perioden
- renteinntekter og renteutgifter pr. 31/12 er bokført
- endring i lager avfall er ikkje bokført

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 05.02.2024

**Avvik i resultat mot budsjett:**

0,69 mill. / 0,7 %	auka samla inntekter
- 0,35 mill. / - 6,9 %	reduserte driftskostnader hovudanlegg
- 1,14 mill. / - 3,7 %	reduserte kostnader behaldarrenovasjon
- 0,70 mill. / - 7,7 %	reduserte kostnader drift gjenbruksstasjonar
0,67 mill. / - 8,2 %	redusere kostnader slam-ordning
2,20 mill. / 5,1 %	auka kostnader administrasjon (løn og honorar)
- 0,56 mill. / -91,2 %	reduserte finanskostnader

Det vert presisert at perioderapporten er å forstå som førebels resultat for driftsåret 2023, og vil kunne avvike mot endeleg årsresultat.

Utfyllande informasjon vert gjeve i styremøtet.

Vedlegg: Perioderapport pr 31 12 2023

Administrerende direktør si

**TILRÅDING**

Styret tek framlagde førebels rekneskapsrapport pr. 31.12.2023 til orientering.

Styret sitt

**VEDTAK**

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

**SAK 05/24 FORBEHANDLING AV VÅTORGANISK AVFALL** (unn.off. §§14 og 15)

Administrerende direktør si

**TILRÅDING**

Styret gjev administrasjonen fullmakt til å arbeide vidare med moglege løysingar knytt til våtorganisk avfall i regionen saman med renovasjonsverksemdene i Møre og Romsdal. Arbeidet må ikkje kome i konflikt med arbeidet med etablering av biogassanlegg på Byrkjelo.

Styret sitt

**VEDTAK**

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.


Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 05.02.2024

## SAK 06/24 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

### Status frávær og personale

Samla sjukefráværet pr 31.12 2023 er 5,08 %, men slik fordeling gjennom året:



Samla frávær og type frávær har frå februar til desember auka frå 3,05% til 5,08%. Langtidsfráværet har i periode auka frå 44% til 72% av det samla fráværet.

Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefrávær i perioden.

Vedlegg 1) Fráværstatistikk pr 31/12- 23

### Status drift

Høgt langtidsfrávær fører til auka belastning både på driftspersonell og administrative ressursar. Lågare avfallsvolum på vinterstid gjer at drifta på hovudmottaket går rimeleg normalt.

Oppgåver knytt til utarbeiding og årsrapportering av offentleg avfallsstatistikk, KOSTRA rapportering, samt utarbeiding av årsrekneskap og årsmeldingar fører til høgt arbeidspress i administrasjonen sidan 1,3 årsverk som til vanleg utfører desse oppgåvene no er langtidssjukmeldt.

Ein person er engasjert på timebasis for å hjelpe til med utarbeiding av grunnlag til rapportar/avfallsstatistikk.

### Status ny gjenbruksstasjon Bremanger

Det er gjennomført møte med administrasjonen i kommunen og Norplan om vidare arbeid med ein ny stasjon for heile kommunen i Skatestraumen.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 05.02.2024

NoMil er invitert til å orientere kommunestyret 21. mars 2024  
Orientering i styremøte

Administrasjonen orienterte frå møtet med Bremanger kommune og Norplan. NoMil orienterte om avfallsstatistikk knytt til volum og besøkstal, og krav til ein framtidretta gjenbruksstasjon. Skisser er tidlegare utarbeidd og oversendt som eit utgangspunkt for det vidare arbeidet. NoMil ser det som økonomisk krevjande å bygge ein innandørs stasjon om ein tek utgangspunkt i storleik på leigekostnadane for til dømes Purkehola, på Haugen og Svarstad som ligg mellom kr. 60,- og kr. 100,- pr. innbyggjar årleg. Legg ein til grunn kr. 120,- pr innbyggjar vil årsleige vere rundt kr. 400.000,-

## Utgreiing ny struktur gjenbruksstasjon for ytre Nordfjord

NoMil hadde møte med Stad kommune tysdag 7. november 2023. Kommunen er orienterte om utfordringar i Selje, og om kontrakt med MyRø Invest AS som gjeld ut 2028 på Haugen. Stasjonen på Haugen har avgrensa areal til å stette framtidige sorteringskrav, og det har vore utfordringar knytt til kø på fylkesvegen når aktiviteten er høg. Ordførar ynskjer at NoMil går i dialog med MyRø Invest AS om utviding av stasjonen. Vidare er han bekymra for tilbodet til innbyggjarane i Selje-området og tilbodet til næringsdrivande.  
Orientering i styremøte

Administrasjonen informerte om at Stad kommune har invitert NoMil til formannskapsmøte 29. februar 2024 for å orientere om status og vidare planar. Omfanget av utgreiingsarbeidet er ikkje vurdert, men om det skal gjerast i eigenregi vil ein kunne tenkje seg oppstart i 2. kvartal. Alternativ er å leige inn kompetanse til arbeidet, som til dømes Bremanger kommune gjer.

Etter drøftingar ynskjer styret at NoMil orienterer formannskapet om bakgrunn for utgreiinga og moglege framdriftsplan. Det er viktig å vere tydelege på investeringsbehov og gebyrauke, vurdert opp mot framtidige krav til utsortering/materialgjenvinning, kapasitet, opningstider, tryggleik og arbeidsforhold. Administrasjonen vurdere behov og kostnader for kjøp av tenester til komande styremøte.

## Anbod restavfall og rammeavtale avfallsbeholdarar

NoMil har no lyst ut på nytt anbod med tilbudsfrist 5. februar 2024 på behandling og transport av restavfall for 2024-2025 med opsjon på inntil 2 år.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 05.02.2024

NoMil og Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS har no lyst ut eit felles anbod på rammeavtale på innkjøp av avfallsbeholdarar gjeldande i 4 fire år.

*Administrasjonen orienterte om førebels anbodsopning, men grunna behov for ytterlegare avklaringar med tilbydarane, vil endeleg vurdering bli gjort på eit seinare tidspunkt.*

### **VLFK Prosjekt «Grøn region vestland» - Biohub Gloppen**

NoMil sitt eigarskap og påverknad i prosjektet Grøn Region Vestland er positivt for å nå målsetjingar vedteke i vår strategiplan om kortreist og miljøvenleg avfallshandtering. Prosjektet krev medverknad administrativt, noko som den siste tida har vore krevjande å følge opp grunna tilgjengeleg kapasitet. Administrasjonen ser no på alternativ eigarskap/organisering for det vidare arbeidet.

*Styret vurderer eit utvida samarbeid med andre næringsaktørar i regionen som positivt, mellom anna Kunnskapsparcken, næringshagar og andre vekstselskap.*

### **Statsbudsjett 2024- konsekvensar**

I Statsbudsjettet for 2024 er det vedteke å innføre ei forbrenningsavgift på kr. 485,- pr. tonn restavfall. Auken er kr. 354,- i forhold til avgift i 2023 og budsjett for 2024.

Avgiftsauken er på heile 269,5% i forhold til gjeldande avgift på kr. 131,-. Innføring av avgifta gjeld frå 01.01.2024, og for NoMil vil avgiftsauken utgjere ein kostnadsauke og budsjettunderskot på over 3,0 mill.

### **Årsplan og mål for drifta 2024**

Auken i forbrenningsavgift vil få direkte innverknad på drifta av verksemda, investeringar og vidareføring/oppstart av prosjekt i budsjettåret.

Det er budsjettert med 1,6% i auka driftsinntekter og 20,3% i auka lønskostnader. Målsetjinga for budsjettåret 2024 er eit rekneskap i balanse, noko som krev ein kostnadsreduksjon frå - 6,0% i vedteke budsjett opp til - 10,2%, totalt -7,2 mill.

Auken i budsjetterte lønskostnader på 20,3% skuldast i tillegg til ordinær lønsauke, ny HMS/HR leiar, ny kommunikasjonsmedarbeidar, servicearbeider og sjåførlærling.

Grunna langtidssjukmelding har vi ikkje hatt rekneskaps- og lønsmedarbeidar sidan september 2023. NoMil er etter kvart eit stort selskap med 100 mill. i omsetning, ein stor bil og maskinpark, mange tilsette og fleire avdelingar.

Administrasjonen vurderer behovet for å ha ein økonomiressurs som nødvendig, og ynskjer at styret gjer ei vurdering.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 05.02.2024

Budsjettsituasjonen vil få konsekvensar for mellom anna:

- innføring av mat/plast ordning for hytte- og fritidseigedomar
- etablere nedgravne løysingar
- tiltak for auka materialgjenvinning
- nye digitale løysingar
- oppgradering av gjenbruksstasjonane
- utskifting av eldre maskiner og utstyr
- vurdere vidareføring av pågåande, og nye prosjekt

Administrasjonen ser at dersom ein skal klare å redusere driftskostnadane med heile 10,2% i eit år med forventa kostnadsvekst (KPI) på 3,0%, må ein ha ekstraordinær fokus på kostnads- og driftsnivået for å unngå redusert tenestetilbod.

Administrasjonen informerte om personalsituasjonen administrativt, og behov for å ha ein økonomiressurs i NoMil.

Etter drøftingar, vart styret samde om at administrasjonen legge fram ei sak om oppretting av ny stillingsheimel til styremøte 18.mars 2024.

YMSE:

### Orientering om feil i utsending av gebyrforskrift

Administrasjonen orienterte om at det ved utsending av framlegg til gebyrauke for 2024 dessverre vart lagt ved satsar som var utrekna med feil grunnlag. Rette satsar vart ettersendt til alle kommunane 21. november 2023 og 18. januar 2024.

Administrerende direktør si

### TILRÅDING

Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt

### VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--